

Saksbehandlar: Eva Solhaug Fosshagen, Samferdsleavdelinga
Sak nr.: 18/6105-2

Søknad om fornying av ruteløyve Flåm - Gudvangen

Fylkesdirektøren rår hovudutval for samferdsle til å gjere slikt vedtak:

The Fjords får fornya ruteløyve på strekninga Flåm - Gudvangen på følgjande vilkår:

- a) Ruteløyvet gjeld i 10 år frå 01.01.19 til 31.12.28.
- b) Krav til god vandel og tilfredsstillande økonomisk evne skal vere oppfylt i samsvar med til ei kvar tid gjeldande regelverk.
- c) Rettkjend kopi av ruteløyvet skal oppbevarast i fartøyet og visast fram ved ein eventuell kontroll.
- d) Fartøyet som vert nytta i rutedrifta skal til ei kvar tid fylle gjeldande vilkår stilt av sjøfartsstyresmaktene.
- e) Endring i rutetidene skal godkjennast av samferdsleavdelinga seinast 4 månader før dei skal tre i kraft.
- f) Det må ligge føre skriftleg avtale mellom The Fjords og eigar av dei ulike kaiane på dei klokkesletta det vert søkt om ruteløyve.

Vedlegg:

Søknad frå The Fjords

Andre relevante dokument i saka:

Yrkestransportlova med forskrift

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

The Fjords søker om å få fornye ruteløyvet på strekninga Flåm – Gudvangen. Dagens ruteløyve er gyldig til 31.12.18.

Andre opplysningar

I dag har dei ruteløyve på strekningane:

- Flåm – Gudvangen
- Kaupanger – Lærdal - Gudvangen
- Fjærland – Balestrand – Hella – Vangsnes

The Fjords søker ikkje om ruteløyve på strekningane Kaupanger – Lærdal – Gudvangen og Fjærland – Balestrand – Hella – Vangsnes. The Fjords har tidlegare meldt frå om at dei ikkje ønskjer å utføre rutetransport på desse strekningane lenger. Rutene vert utført av andre operatørar.

2. Rutetider

The Fjords søker om fornying av ruteløyvet etter denne rutetabellen:

1. januar – 30. april og 1. oktober – 31. desember
Frå Flåm kl. 09.30 og kl. 15.00 via Aurland – Undredal – Dyrdal – Styvi – Gudvangen
Frå Gudvangen kl. 12.00 og 17.30 via Styvi – Dyrdal – Undredal – Aurland – Flåm

1. mai – 30. september
Frå Flåm kl. 08.00, 09.00, 11.00, 13.30 14.00, 16.00 og 19.00
Frå Gudvangen kl. 08.30, 10.30, 11.30, 13.30, 15.45, 16.30 og 18.15

Ruta frå Flåm kl. 08.00 og frå Gudvangen kl. 15.45 går Flåm – Aurland – Undredal – Dyrdal – Styvi – Gudvangen. Dei andre avgangane går direkte Flåm – Gudvangen.

I perioden 1. juni – 31. august
Frå Flåm kl. 08.00, 09.00, 11.00, 12.15, 13.30 14.00, 16.00 og 19.00
Frå Gudvangen kl. 08.30, 10.30, 11.30, 13.30, 14.45, 15.45, 16.30 og 18.15

Ruta frå Flåm kl. 08.00 og frå Gudvangen kl. 15.45 går Flåm – Aurland – Undredal – Dyrdal – Styvi – Gudvangen. Dei andre avgangane går direkte Flåm – Gudvangen.

3. Høyringsuttale

Søknaden frå The Fjords vart sendt på høyring til Aurland Hamnevesen. Aurland Hamnevesen kjem med følgjande uttale i brev av 15.06.18: «Aurland Hamnevesen KF har ingen merknader til dei opplyste rutene frå The Fjords. Då so lenge dette ikkje kjem i konflikt med tidlegare ruteløyve gjeve av samferdsleutvalet. Dette og med forbehold om at planlagt infrastruktur «powerdock» er på plass når rutene skal tre i kraft.

Me utfordrar samstundes samferdsleutvalet til å sette miljøkrav til fartøy som blir brukt i fjordane våre. Då utslepp til sjø og luft, støy og påverknad på strandsone, kaianlegg, badande eller andre fartøy og brukarar av fjorden.»

4. Andre opplysningar

Der er under arbeid nye krav til båtar i verdsarvområda våre. Ny *Forskrift om miljømessig sikkerhet for skip og flyttbare innretningar* er no ute på høyring. Denne forskrifta foreslår å skjerpe miljøkrava for fartøy som skal segle i Geiranger-, Nærøy- og Aurlandsfjorden. Sjølv om forslaget er spesielt mynta på cruisebåtnæringa, vil den òg gjelde for mindre fartøy. Til dømes er det krav om handtering av kloakk og gråvatn. Vidare er det skjerpa krav til CO₂, NO_x og svovelutslepp.

Forskrifta er ikkje vedteken og vi veit ikkje endå kva utfallet vert. I vilkår d) på løyvedokumentet vert det presisert at operatør må holde seg til ei kvar tid gjeldane regelverk.

5. Yrkestransportlova

I yrkestransportlova § 7 punkt 1, står det at den som mot vederlag vil drive persontransport i rute med luftputefartøy, eller anna fartøy over 8 meter lengde tilsvarande 4 bruttotonn må ha ruteløyve.

Utover dei generelle vilkåra om god vandel og tilfredsstillande økonomisk evne fastsett i yrkestransportforskrifta § 4, kan løyvestyresmakta med heimel i § 5 setje nærare vilkår for løyvet.

Det er også eit vilkår at rettkjend kopi av ruteløyvet skal oppbevarast i fartøyet og visast fram ved ein eventuell kontroll, jamfør føresegnene om kontrolldokument i yrkestransportforskrifta § 13.

Dersom fylkeskommunen på eit seinare tidspunkt finn det naudsynt med fleire vilkår eller at det er trong for å endre nokon av vilkåra vedteke i denne saka, kan dette gjerast med heimel i yrkestransportforskrifta § 5.

6. Vurderingar og konsekvensar

The Fjords søker ikkje om økonomisk støtte til ruteproduksjonen.

Hovudutval for samferdsle har ikkje sett eit øvre tak for kor mange ruteløyve som kan delast ut når det gjeld kommersielle ruter på strekninga Flåm – Gudvangen. Difor får alle som tilfredsstillar krava i yrkestransportlova tildelt ruteløyve på denne strekninga.

Fylkesdirektøren rår ikkje til å sette eigne særkrav knytt til miljø slik høyringssvar frå Aurland Hamnevesen oppmodar til. I tråd med føringar i RTP er det ønskjeleg at slike krav skal følgje nasjonalt regelverk.

7. Konklusjon

Fylkesdirektøren har ikkje merknader til at The Fjords får fornye ruteløyvet på strekninga Flåm – Gudvangen.